



SAKSFRAMLEGG

NY NORSK VERDENSARVPOLITIKK 2011 - 2025

Godkjent av:

Arkivsaksnr.: 11/932

Arkivkode: ADR C50

Saksbehandlar: Eystein M. Andersen

Behandling i:

Hovedutval for kultur

Fylkestinget

Forslag til tilråding frå fylkesrådmannen

Telemark fylkeskommune ønskjer å arbeide for verdsarvstatus for Rjukan og Notodden, og sender fylkesrådmannens forslag til uttale til dokumentet om ny norsk verdsarvpolitikk som sitt svar i høyringsrunden til Miljøverndepartementet.

Problemstillinga i få ord

Miljøverndepartementet har sendt eit dokument om ny verdsarvpolitikk for Noreg frem til 2025 ut på høyring til aktuelle partar. Hovudkonklusjonane frå dokumentet, og eventuelle vurderingar frå høyringsrunda, vil bli innarbeida i stortingsmeldinga om kulturminner, som er under utarbeiding og som forventast ferdig handsama i løpet av 2013.

Noreg som statspart i verdsarvkonvensjonen arbeider no med å fremme Rjukan og Notodden for verdsarvlista. Det inneber at den politikken som blir ført for verdsarv i Noreg får direkte konsekvensar for Telemark og fylkeskommunen på ei rekkje områder. Telemark fylkeskommune skal derfor sende ein uttale til dokumentet frå Miljøverndepartementet.

Saksopplysningar

Miljøverndepartementet sette industriminna frå den andre industrielle revolusjon på Rjukan og Notodden på Noregs tentative liste for verdsarv i 2009. Dei ga i 2010 i oppdrag til Riksantikvaren i samarbeid med Telemark fylkeskommune, Notodden kommune og Tinn kommune å utarbeide ein søknad til UNESCO om verdsarvstatus for Rjukan og Notodden. Eit forslag til søknad skal etter planen sendast til Miljøverndepartementet ved utgangen av 2013, og eit vedtak om verdsarvstatus kan tidligast kome i 2015. Fylkeskommunen er aktiv bidragsyter og støttespiller til nominasjonsprosessen.

Miljøverndepartementet sette i desember 2010 ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide eit forslag til samla politikk for forvaltninga av verdsarven i Noreg for perioden fram til 2025. Denne politikken skal ta opp både nasjonale og internasjonale element, samanhangen

mellom dei, og kva som skal til for at Noreg skal kunne gjennomføre sine oppgåver etter verdsarvkonvensjonen. Et slikt arbeid har ikkje tidligare vært gjort av statsparten Noreg.

Formålet med dokumentet er å konkretisere utviklingstrender, ambisjonsnivå og prioriteringar, og med det bidra til at oppfølginga av verdsarven i åra som kjem blir målretta og godt koordinert. Noreg har som ambisjon at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrstårn for den beste praksisen innanfor kultur- og naturforvaltning, jf. stortingsmelding 16 2004-2005. Feltet omfattar heile miljøfeltet og spenner frå naturforvaltning til kulturminneforvaltning, frå internasjonalt til nasjonalt arbeid. Det involverer ein rekkje sektorar, institusjonar, organisasjonar og styresmakter på ulike forvaltningsnivå. Miljøverndepartementet meiner derfor det er behov for å synleggjere ansvaret, utfordringane, dei prioriterte oppgåvene og strategiane eller tiltaka som må til for at ein skal nå måla.

Miljøverndepartementet har i løpet av prosessen med utforming av dokumentet arrangert to involveringsmøter i februar og april 2011 og hatt ei eiga nettside for innspel. På det fyrste møtet stilte Telemark fylkeskommune med tidlegare fylkesordførar og fylkesrådmann saman med saksbehandlar, og på det andre var fylkeskommunen representert frå administrasjonen på teamnivå. Telemark fylkeskommune bidrog med faglege innspel til arbeidsgruppa i Miljøverndepartementet.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Telemark fylkeskommune har saman med Riksantikvaren, Tinn kommune og Notodden kommune over lengre tid arbeidd med og satsa på nominasjonen av industriarven på Rjukan og Notodden for verdsarvlista. Verdsarv kan gi sektorovergripande, varige og bærekraftige resultat for Telemark, og gi draghjelp til andre prosessar.

Den politikken som blir ført for verdsarv i Noreg har direkte konsekvensar for Telemark fylkeskommune, både for vårt nominasjonsarbeid no og ikkje minst for handteringa av verdsarv om vi lukkast med nomineringa. Ein verdsarvpolitikk vil ha innverknad på mange av fylkeskommunens oppgåver. Det er derfor viktig å gi Miljøverndepartementet eit så grundig og utfyllande svar som råd, sjølv om vi ikkje har fyrstehandserfaring med handtering av verdsarv enno.

I prosessen med utarbeiding av ei uttale har ulike delar av administrasjonen fått anledning til arbeide med tematikken. Lederteam, team for økonomi, avdeling for vidaregåande opplæring, avdeling for areal og transport og avdeling for regional utvikling har alle jobba med det forslaget til uttale som er lagt fram for politisk handsaming.

Miljøverndepartementet sitt forslag til dokument har innhald og konkrete forslag knytt til 11 tema som fylkesrådmannen meiner at Telemark fylkeskommune kan slutte seg til. Uttalen inneheld derfor i all hovudsak tilrådingar om presiseringar, utdjupingar, tillegg og mindre endringar som vi meiner vil gi eit betre resultat for Telemark og fylkeskommunen innanfor mellom anna økonomi, utvikling, forvaltning, utdanning og kultur. Fylkesrådmannen ser det som viktig staten legg til rette økonomisk og organisatorisk for at det regionale nivået får ei klar rolle i arbeidet med verdsarvkonvensjonen.

Fylkesrådmannen visar til vedlagte forslag til uttale for nærare omtale av dei ulike tema.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtar å sende den vedlagte uttalen som Telemark fylkeskommunes svar i høyringa til Miljøverndepartementet.

Vedlegg:

1. Forslag til uttale.
2. Brev frå Miljøverndepartementet.
3. Liste over høringsinstanser.
4. Dokumentet *Ny, helhetlig verdensarvpolitikk*.



TELEMARK
FYLKESKommune

Saksprotokoll

Utval: Fylkestinget
Møtedato: 14.06.2012
Sak nr: 42/12

Resultat: Annet forslag vedtatt

Arkivsak: 11/932

Tittel: SAKSPROTOKOLL: NY NORSK VERDENSARVPOLITIKK 2011 - 2025

Vedtak i Fylkestinget

Telemark fylkeskommune skal arbeide for verdsarvstatus for Rjukan og Notodden, og sender fylkesrådmannens forslag til uttale til dokumentet om ny norsk verdsarvpolitikk som sitt svar i høringsrunden til Miljøverndepartementet.

Behandlinga i Fylkestinget

Representanten Finn Tallakstad, A, fremma følgjande forslag:

Endring av 1. setning:

Telemark fylkestinget skal arbeide for verdsarvstatus for Rjukan og Notodden,

Votering:

Tilrådinga frå fylkesutvalet med endringsforslaget frå Tallakstad blei samrøystes vedteke.

